

Søknad om hjelpeverje

1. Den som treng hjelpeverje			
Etternamn		Fødselsnummer	
For-/mellomnamn			
Adresse			
2. Behov for hjelpeverje			
Grunnen til at det blir søkt om hjelpeverje:			
<input type="checkbox"/> Skifte av dødsbu	<input type="checkbox"/> Separasjon/skilsmiss	<input type="checkbox"/> Utleige/oppseiing av bustad	
<input type="checkbox"/> Rettssak	<input type="checkbox"/> Utskriving frå institusjon	<input type="checkbox"/> Hjelpeverje etter sosialtenestelova kap 4A	
<input type="checkbox"/> Sal av bustad	<input type="checkbox"/> Anna t.d. generell økonomisk stønad, representasjon overfor offentlig myndigheit (gi opplysningar under eller på side 3)		
3. Førebels økonomisk oversikt (fyll ut med dei no kjente opplysningane):			
A. Inntekter:	<input type="text"/>	B. Formue	
Utgifter:	<input type="text"/>	Eigedom/leilegheit:	<input type="text"/>
Netto pr. måned:	<input type="text"/>	Bankinnskot:	<input type="text"/>
		Verdipapir:	<input type="text"/>
		Anna (kunst, båt, bil med m.m.):	<input type="text"/>
		Gjeld:	<input type="text"/>
		Netto formue:	<input type="text"/>
4. Forslag til hjelpeverje			
Den som blir oppnemnd må vere myndig, over 18 år, ikkje umyndiggjort eller sjølv ha hjelpeverje, vere skikka og ha ordna økonomi. Ektefelle bør bli oppnemnd med mindre denne ønskjer å bli fritatt eller den hjelpetrengande sine interesser tilseier at ein anna blir oppnemnd.			
Etternamn			
For-/mellomnamn			
Adresse			
Telefon privat	Telefon arbeid	Fødselsnummer	Yrke
Slektskap til vedkommande:			
Føreligg det interesse motsetnader mellom den føreslåtte hjelpeverja og den hjelpetrengande?			<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Viss ja, kva for motsetnader			
Er det semje mellom dei næraste pårørande?			
<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Viss ikkje, gi nærmare opplysningar på side 3 (pkt. 9) eller på eige ark		

5. Samtykke frå den hjelpetregande			
Stad			Dato
Underskrift			
Viss samtykke ikkje er mogeleg eller av særlege grunnar er utilrådeleg, må dette gå fram av legeerklæringa - sjå pkt. 8.2.			
6. Oversikt over den hjelpetregande sine pårørande (ektefelle/sambuar/born/søsken/ o.l.):			
Etternamn			
For-/mellomnamn			
Adresse			
Telefon privat	Telefon arbeid	Tilknytning/slektskap	
7. Søkjar			
Etternamn			
For-/mellomnamn			
Adresse			
Telefon privat	Telefon arbeid	Alder	Yrke
Dato	Søkjaren sin signatur		
8. Legeerklæring			
Legeerklæring blir påført her eller i eiga erklæring som legen sender direkte til overformynderiet, jf. verjemålslova § 90 a fyrste ledd og anna ledd nr. 2 og 3.			
8.1. Diagnose			
Sinnsleding, andre psykiske forstyrningar, senil demens, psykisk utviklingshemming eller kroppsleg funksjonshemming - angi diagnose.			
Det blir stadfesta at diagnosen er treft på grunnlag av personleg undersøking av pasient og at han/ho pga. sin sjukdom ikkje kan ivareta sin sak <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
8.2. Erklæring når pasienten ikkje har samtykt			
Er pasienten sitt samtykke umogeleg eller av særlege grunnar utilrådeleg å innhente? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
Eventuell grunngeving, viss det ikkje går klart fram av diagnosen.			
Dato	Legen sitt namn		
Legen si adresse			
Institusjonen sitt namn			
Institusjonen si adresse			
Legen sin signatur og stempel			

9. Eventuelle merknader eller tilleggsopplysningar

Søknad om hjelpeverje

Søknaden skal sendast til overformynderiet i den kommunen der den hjelpetrengande er busett. Personopplysningane vil bli registrert og lagra i overformynderiet sitt datasystem.

A. Kva hjelpeverje er

1. Generelt

Definisjon: Hjelpeverje kan oppnemnast for myndige personar som pga. sinnsliding, andre psykiske forstyrningar, senil demens, psykisk utviklingshemming eller kroppsleg funksjonshemming ikkje kan ivareta sine saker.

Hjelpeverja er i hovudsak vedkommande sin økonomiske forvaltar og rettslege representant. Oppnemning av hjelpeverje medfører ikkje at den hjelpetrengande blir umyndiggjort. Hjelpeverjeordninga er frivillig og avhengig av at vedkommande samtykker. Samtykke kan erstattast av legeerklæring som stadfestar at samtykke ikkje er mogeleg eller av særlege grunnar er utilrådeleg å innhente.

Hjelpeverja sitt oppdrag skal avgrensast etter den hjelpetrengande sin tarv. Vervet blir avslutta når vilkåra for å ha hjelpeverje ikke lenger er til stades. Kan vedkommande få hjelp ved andre og mindre inngripande ordningar, som t.d. faste oppdrag i bank eller forvaltning av pensjon og trygd gjennom sosialkontoret, skal slike ordningar helst veljast og vilkåra for hjelpeverje er ikkje til stades.

Ei hjelpeverje kan oppnemnast for å ivareta den hjelpetrengande sine interesser i det store og heile, eller for visse særlege høve. Hjelpeverja skal snarast sende overformynderiet ei fullstendig oversikt over vedkommande sin økonomiske status, føre daglege rekneskap for disposisjonar over vedkommande sine midlar, sende overformynderiet årsrekneskap og kopi av sjølvmelding. Forvaltninga av verdiane skal vere forsvarleg.

Vedkommande skal uttale seg/ta del i avgjerder han kan forstå. Hjelpeverja skal sørgje for å innhente førehandssamtykke frå overformynderiet i dei saker kor verjemålslova krev slikt samtykke, t.d. utleige/sal/pantsetting av fast eigedom/bustad/innbu og lausøyre m.m.

Nødvendige utgifter hjelpeverja måtte ha blir i utgangspunktet dekte av vedkommande. I særlege tilfelle kan tapt arbeidsinntekt eller vederlag for arbeidet og dekkjast. Slike krav skal avgjerast av overformynderiet.

2. Spesielt om sosialtenestelova kapittel 4A

I medhald av sosialtenestelova kapittel 4 A kan det for personar med psykisk utviklingshemming vere aktuelt å bruke tvang eller makt eller tekniske innreiingar for varsling som ledd i tenester etter sosialtenestelova. Dersom hjelpeverje eller verje ikkje alt er oppnemnd og kommunen reknar det for aktuelt å fatte vedtak om bruk av tvang eller makt, skal hjelpeverje oppnemnas, sjå lova § 4A-3 tredje ledd.

Har kommunen satt i verk tiltak etter sosialtenestelova § 4A-5 tredje ledd bokstav a) skal hjelpeverja ha melding om tiltaka og opplysning om klageadgang i høve til dei skadehindrande tiltak, sjå § 4A-7 første ledd.

Har kommunen fatta atferdsendrande tiltak etter lova § 4A-4, tredje ledd bokstav b) eller omsorgstiltak etter bokstav c) skal hjelpeverja uttale seg før det blir treft vedtak om bruk av tvang. I tillegg skal det gis opplysningar om fylkesmannen sin overprøving og tilsynsmakt, sjå § 4A-3 andre og tredje ledd.

Ein krev ikkje samtykke frå tenestemottakaren sjølv eller frå hjelpeverja for at eit vedtak om tvang etter kapittel 4 A skal vere gyldig. Hjelpeverja har altså ingen formell myndigheit til å avgjere saker etter sosialtenestelova, men har ei viktig funksjon når det gjeld å ivareta den utviklingshemma sine interesser under saksgangen.

B. Merknader til dei enkelte punkta i søknaden

Merk! Ved oppnemning berre i medhald av sosialtenestelova § 4A-3 tredje ledd skal **ikkje** punkta 3, 5, 8, 8.1 og 8.2 fyllast ut.

1. DEN SOM TRENG HJELPEVERJE

Dersom vedkommande bur på institusjon må namnet på institusjonen oppgis.

2. BEHOV

I tillegg til dei medisinske vilkåra må det vere eit behov; t.d. formue av ein viss storleik, vedkommande er part i rettssak, part i eit skifte, skal flytte frå institusjon eller det er turvande å avvikle bustad. Det er viktig at det blir gjort grundig greie for behovet, da dette er grunnlag for omfanget av oppdraget til hjelpeverja. Ved oppnemning av hjelpeverje etter sosialtenestelova § 4 A-3, tredje ledd, må ein gå ut frå at finnst eit behov slik at hjelpeverje skal oppnemnast utan vurdering.

3. ØKONOMISK OVERSIKT

Fyll inn dei økonomiske opplysningane ein har om vedkommande hjelpeverjetrengande.

4. KVEN KAN OPPNEMNAST TIL HJELPEVERJE?

Den som blir oppnemnd må vere myndig, ikkje sjølv ha hjelpeverje, ha ei ordna økonomi og ikkje ha motstridande interesser med vedkommande. Den som blir oppnemnd bør vere busett i same kommune som vedkommande. Ektefellen skal oppnemnast viss ikkje denne ønskjer å sleppe eller vedkommande sine interesser tilseier at ein annan person blir oppnemnd, sjå verjemålslova § 90 e. Nære pårørande kan oppnemnast så sant dei ikkje har motstridande interesser: t.d. at dei er arvingar i same bu. Dersom det ikkje er framlegg til kven som kan oppnemnast, vil overformynderiet oppnemne ei nøytral hjelpeverje, t.d. ein advokat som vil bli honorert av vedkommande sine midlar.

5. SAMTYKKE

Samtykke frå den hjelpetrengande må finnast med mindre det går fram av legeerklæringa at samtykke ikkje kan innhentast eller av særlege grunnar er utilrådeleg å innhente.

6. PÅRØRANDE

Skriv namnet til pårørande her.

7. SØKJAR

Søkjar kan vere den hjelpetrengande sjølv, ektefelle, foreldre, myndige barn/barnebarn, sysken, svoger/svigerinne eller ansvarleg lege eller tilsynslege ved helseinstitusjonen der vedkommande er innlagt. Etter sosialtenestelova § 4A-3 tredje ledd skal kommunen be om oppnemning i visse høve.

LEGEERKLÆRING

Legeerklæring må ligge føre.